Sidan saka vert handsama som ein dispensasjon, vil tiltaket ikkje verta fanga opp av forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova. Det kan difor stillast spørsmål ved om ein gjennom ein dispensasjonsprosess vil få saka godt nok opplyst i samsvar med kravet i forvaltningslova § 17 første ledd, då ein ikkje vil få ei samla og utfyllande vurdering av om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. I ein planprosess vil ein også sikra betre moglegheiter for medverknad, jf. pbl. § 5-1, som igjen vil gi eit betre grunnlag for å fatta vedtak. Det er såleis Fylkesmannen sitt utgangspunktet at utlegging av nye akvakulturanlegg som ikkje er i samsvar med plan, bør vurderast i ein planprosess for å sikra medverknad og for å sikra at saka skal vert godt nok utgreidd. I utganspunktet er kommuneplanen det sentrale verktøyet for arealbruk i denne næringa for å kunne vurdere samla belastning for fjordsystema heilskapleg. Lindås kommune og Masfjorden kommune har innleia eit samarbeid om ein interkommunal plan for Austfjorden. Nye og endra lokalitetar er

det tenleg å vurdera i ein slik samla prosess. Då kan ulike område i kommunane sjåast i samanheng, og lokalitetar som ikkje lenger skal nyttast kan bli tatt ut, samtidig med at anna areal vert lagt til eller utvida på ein måte som stettar næringa sin trong for eventuell berekraftig vekst på dei lokalitetane drifta skal gå føre seg. Den samla miljøpåverknaden på fjordsystemet kan då bli sett i større samanheng, samtidig som ein tek omsyn til behovet for areal for andre interesser. Me viser også til at det er starta reguleringsplanarbeid for akvakultur i området Ospeneset - Langøy på Lindåssida av Fensfjorden som kan få innverknad for vurderinga av arealbruken og samla belastning for fjordsystemet.

Me minner om at kommunen, også når verknader skal vurderast i dispensasjonssaker, har ei sjølvstendig plikt til å leggje særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge, jf. pbl. § 19-2. Det er òg eit kommunalt ansvar å kjenne til og opplyse om dei sumverknadene tiltak og dispensasjonsvedtak har på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Masfjorden kommune må difor i denne saka nøye vurdera konsekvensane av å dispensera frå kommuneplanen for mellom anna resipient og sjå på andre lokale miljøverknader for naturmangfaldet. Me vil i den samanheng særleg peika på at i naturbase er det registrert ei rekkje fugleartar av nasjonal forvaltningsinteresse ved Ytre og Indre Raunholmen. I planskildring og temakart til kommuneplanen er området ved Raunholmane vist med stor verdi ut frå natur- og strandsoneomsyn. Kommuneplanen viser også gyteområde for fisk nord for desse holmane.

Som ein del av vurderinga av om ein skal gje dispensasjon vil ein måtte drøfta kva ei utplassering av eit nytt anlegg vil kunne føra til (påverka areal, endra spreiingsmønster osb.). Det må òg gjerast ei vurdering av om endringa på sikt kan føra til ein ny situasjon for spreiing av sjukdom og parasittar frå lokaliteten og om ein kan oppleva at endra bruk av kjemikalia/medisin vil kunne påverka marint liv på nye måtar. Relevant fagleg kunnskap om slike verknader må skaffast fram og danna grunnlag for vurdering av om vilkår for å gje dispensasjon faktisk er til stades.

Vidare er Herøyosen registrert som eit viktig regionalt friluftsområde, jf. kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland. Området scorar særleg høgt på at området er inngrepsfritt og at området har spesielle natur- og kulturhistoriske opplevingskvalitetar. Også i arealdel av kommuneplanen for Masfjorden er området som er planlagt brukt til akvakultur vist med omsynssone friluftsliv. Utlegging av eit oppdrettsanlegg i dette viktige friluftsområdet vil såleis vera negativ for bruken av området til friluftsliv, samt for opplevingskvalitetane til området.

Ein bruk av dette arealet til oppdrett vil gjera det vanskelegare for allmenta å kunne bruka arealet til fiske og rekreasjon. Ein dispensasjon i denne saka vil vidare kunne skapa presedens for seinare søknader om flytting eller utviding av akvakulturanlegg andre plassar i kommunen og såleis på sikt undergrava arealdelen av kommuneplanen som styringsverktøy for arealbruken i kommunen.

Søknadskartet viser at delar av fortøyingane til anlegget kjem inn i nabokommunen, Lindås. Det gjer at tiltaket også vil krevja behandling etter plan- og bygningslova i denne kommunen.

Fylkesmannen rår etter dette frå at det vert gitt dispensasjon frå arealdel av kommuneplanen for utlegging av eit oppdrettsanlegg som omsøkt.

Kommunen bør ikkje gi dispensasjon dersom regional styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd siste setning. Dersom det likevel vert gitt dispensasjon, ber me kommunen senda vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Egil Hauge | Laila Pedersen Kaland |
| seksjonsleiar | seniorrådgjevar |

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |
| Lindås kommune | Kvernhusmyrane 20 | 5914 | ISDALSTØ |

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Roald Kvingedal | FA - K24, TI - &0 | 17/997 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 024/2017 | Teknisk utval | PS | 06.11.2017 |

### Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Masfjorden kommune - Igangsetting

32T

| Journalposttittel | Dato |
|---|---|
| Inforasjon om prosjektet opprydding av avløpsanlegg i spreidd busetnad 20-6-17 | 03.10.2017 |
| Forskrift_lokale_avlopsanlegg | 03.10.2017 |
| Om tiltak etter vassforskrifta til alle komm. i hl 9.2017 | 03.10.2017 |

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune gjer vedtak om igangsetjing av arbeid med lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Masfjorden kommune.**

**Grunngjevinga**: er å oppnå dei miljømåla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021.

Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker §37.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Alle kommunane i Nordhordland og Gulen er med i dette arbeidet. Prosjektet er forankra i rådmannsutvalet i Nordhordland. Det er estimert eit budsjett på kr 80 000 for arbeidet, det vert fordelt på kommunane gjennom NU IKS samarbeidet.

**Fakta** EUs Vassdirektiv og Regional plan for Vassregion Hordaland med tiltaksplan vil vere premissleverandør for arbeidet med lokal forskrift. Å få på plass ei regional forskrift er med som eit viktig tiltak der for å koma i hamn med miljømål som er satt til vasskvalitet i våre fjordar, vatn og vassdrag. Kommunane i Nordhordland tilhøyrer i hovudsak Vassregion Nordhordland. Ordførarane er styringsgruppe for vassregion Nordhordland, Astrid Byrknes er leiar. Sekretær for arbeidsgruppa er Nordhordland Utviklingssakskap IKS (NU IKS) v/Kjersti Isdal. Arbeidgruppa består av fagfolk frå

kommunane Austrheim, Radøy og Lindås kommune.

Fagstyret i Nordhordland Digitalt vedtok i sak 40/2015 den 05.06.15 at det skulle startast arbeid medei lokal forskrift om mindre avlaupsanlegg for kommunane i Nordhordland. Mange kommunar i Norge har vedteke ei lokal forskrift om separate utslepp. Dette vert gjort for å kunne ha ein god rutine på korleis kommunane på ein miljømessig måte skal handtera utsleppssaker, men og for stå juridisk og fagleg sterkare i denne viktige delen av forvaltinga. Ei klar og informativ lokal forskrift er til god hjelp både for den kommunale forvaltinga, men og for røyrleggjarar og dei som eig hus og hytter.

Eit prosjekt som er knytt tett opp til prosjektet for lokal forskrift er DIHVA – Pilotprosjekt om tilsyn med mindre avlaupsanlegg. DIHVA leiar eit samarbeid mellom kommunane Radøy, Austrheim, Lindås, Meland og Osterøy om opprydding og på sikt tilsyn med mindre avlaupsanlegg (forureiningslova § 12). Dette er eit pilotprosjekt som me planlegg og kopiera til resten av fylket. Prosjektet har fått midlar frå Miljødirektoratet og har eit tett samarbeid både med Fylkeskommunen og miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen, totalt om lag 1,5 mill. Det er ein føresetnad for DIHVA sitt prosjektet at kommunane utarbeidar lokal forskrift. Det er og i Nordhordland eit prosjekt i oppstartsfasen som tar føre seg vasstiltak i landbruket, med fokus på landbrukstiltak for mindre avrenning til vassdrag.

I Nordhordland har berre Radøy kommune ei lokal forskrift. Det er difor ut frå gode erfaringar i Radøy og i andre kommunar at det er starta opp eit arbeidd hjå oss no med å få utarbeid ei regional forskrift for separate avløpsanlegg i Nordhordland. Den kan kvar kommune vedta som ei lokal forskrift, men den vert då om alle kommunar vedtek den førande for heile Nordhordland. Den vert då lettare å handtera for alle som bur og arbeider i regionen vår, men og for røyrleggjarfirma og sakshandsamarar. Kvar kommune står fritt til å vedtaka denne regionale utkastet til forskrift formelt med eller utan endringar.

Prosessen med lokal forskrift treng politisk forankring og kvar kommune vil legga saka fram for politisk handsaming. Denne forskrifta vil setja krav til forvaltningsmessige tilhøve og tekniske løysingar knytt til nye bygg, påbygg, tilbygg, bruksendringar og utvidingar av hus og fritidsbustadar, men òg ved rehabilitering av mindre avlaupsanlegg, slik at omsynet til vassmiljø, resipient og brukarinteressene vert teke vare på i kommunen. Forskrifta gjeld òg ved utslepp av gråvatn der det er innlagt vatn. Unntatt for forskrifta vil vera bustadar, fritidsbustadar og andre aktørar som er tilkopla kommunalt avlaupsanlegg.

Masfjorden kommune handsamar i dag søknad om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustad og fritidsbustad administrativt etter den nasjonale forurensningsforskrift, kap 12 med krav til utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustad, hytter og liknande.

Den nasjonale forskrifta er ikkje tilpassa dei stadeigne tilhøva i kommunen. Handsaming etter den er difor ikkje optimal, og er utfordrande for både søkjar og sakshandsamar. Kommunen kan fastsette lokal forskrift dersom det er nødvendig ut i fra forurensningsmessige tilhøve eller brukarinteresser. Kravene i lokal forskrift skal erstatte kravene i forurensningsforskrift § 12-7 til § 12-13.

Når kommunene ut fra forurensingsmessige tilhøve vurderer å fastsette ei lokal forskrift, vil dette vera på bakgrunn av at kommunen vurderer å setta strengere miljøkrav til utslepp, for ein eller flere resipienter, enn kva forurensningsforskrift legg opp til. Det kan for eksempel vere aktuelt å vurder å fastsetja krav til utslepp av tarmbakterier til ein resipient som vert nytta til drikkevatn eller bading. I tillegg kan kommunen bestemma godkjente reinseløysingar i ei lokal forskrift. Kommunen kan og kreva sørvisavtaler mellom huseigarar og leverandørar til reinseteknologi. Den lokale forskrifta vil gjeva ein detaljert skildring av krav til prosjektering, utføring, drift, vedlikehald, rapportering og

kontroll av mindre avløpsanlegg.

Arbeidsgruppa har lagt til grunn at det vil vere naudsynt å utarbeide ein forskrift som har ein fellesdel og ein lokaldel for kvar kommune. Dette skuldast at kommunane har ulike miljømessige tilhøve (resipientkvalitet) og ulike tiltak som er definert i tiltaksdelen i Regional plan for vassregion Hordaland. Arbeidsgruppa skal utarbeida følgjande:

-Felles del med generelle forskrifter (del I)

- Mal for lokal del (del II)

Del I: Fellesdelen av forskrift vil vere klar for politisk handsaming og godkjenning.

Del II: Den lokale delen vil arbeidsgruppa utarbeide som ein mal der kommunane sjølv må leggje inn krav i samsvar med tiltaksplan og lokale tilhøve.

I 2007 vart vassforskrift implementert i norsk lovverk, som svar på EU sitt rammedirektiv for vatn. Vassforskrift er heimla i plan- og bygningslova, forurensningslova og vassressurslova. Gjennom EU sitt vassdirektiv er Noreg pliktige til å forvalta alt vatn etter vassforskrift. Forvaltning av vatn skal skje etter nedslagsfelt, på tvers av sektorar, kommune- og fylkesgrenser. For å nå dette målet har ein laga ei forskrift heimla i plan- og bygningslova, ureiningslova og vassressurslova. Målet med vassforskrift er at alle vassførekosmtar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand.

Klima- og miljødepartementet er ansvarleg mynde for gjennomføringa av EU sitt rammedirektiv for vatn i Noreg. Vassforskrift deler Noreg inn i vassregionar og vassområder. Austrheim er ein del av Hordaland vassregion i Nordhordland vassområde. Fylkeskommunen er vassregionmynde og er ansvarlege for å utarbeide regionale planar for vassregionen og vassområda.

For å fastsette ein tilstand på ein vassførekomst vert klassifiseringssystemet brukt. Klassifiseringssystemet tek utgangspunkt i naturtilstanden, som er ein tilstand utan menneskeleg påverknad. Tilstanden til vassførekomsten vert klassifisert i ein av dei fem klassene frå svært god til svært dårleg etter kor store avvik vassførekomsten har i frå naturtilstanden.

Grensa mellom moderat og god økologisk tilstand er avgjerande i samanheng med vassføresesegna, fordi den er det viktigaste grunnlaget for å definere miljømål for naturlege vassførekomstar. For vassførekomstar som ligg under denne grensa skal det iverksetjast tilstrekkeleg miljøforbetrande tiltak slik at miljømålet om god økologisk tilstand vert nådd.

Fylkestinget i Hordaland har den 20/10/2015 vedteke regional plan for vassregion Hordaland. I regional plan for Hordaland vassregion er det gjort ein tilstandsvurdering og sett miljømål for dei ulike vassførekomstane i dei ulike vassområda.

Masfjorden kommune er gjennom planen forplikta til å leggje miljømåla til grunn for si planlegging og verksemd jf. Forskrift om rammer for vannforvaltningen FOR-2006-12-15-1446 § 29. Ved handsaming av søknad om løyve til utslepp må kommunen sjå på tilstanden og miljømåla til resipienten. Grunnlaget for å gje løyve til ureining er at vassdraget tåler denne ekstra tilføringa av næringssalter og bakterier. Kommunen sit ikkje med god nok kunnskap for alle resipientar til å kunne gjere vedtak i tråd med nasjonal forskrift og vassforskrift.

Kommunen treng difor tilstrekkeleg informasjon ved søknad om løyve til utslepp for å rette arbeidet

opp mot miljømåla i vassdirektivet.

**Vurdering** I regional plan for vassregion Hordaland er fleire av vassførekomstane i Masfjorden kommune klassifisert i moderat tilstand. Rådmannen legg dette til grunn og ser det som naudsynt å vedta ein lokal forskrift om separate utslepp frå mindre avløpsanlegg for å tilpassa dei stadeigne tilhøva. Vidare legg rådmannen til grunn at kommunen er ureiningsmynde og er pliktige etter sitt ansvarsområde å sette i verk tiltak for å nå miljømåla til vassførekomstane i kommunen jf. vassforskrift § 29. Ein lokal forskrift må difor ta utgangspunkt i dei vedtekne miljømåla for vassførekomstane i kommunen. Rådmannen vurderer difor at lokal forskrift vil vere eit godt hjelpemiddel i handsaming av utsleppsløyve for mindre avlaupsanlegg og bidra til å gjere søknadsabeidet lettare, men og sikra lik handsaming av søknader.

**Konklusjon**
Masfjorden kommune gjer vedtak om igangsetjing av arbeid med lokal forskrift om separate utslepp frå mindre avløpsanlegg for Masfjorden kommune.

# Opprydding av spreidd avløp

## DIHVA

Driftsassistansen i Hordaland Vann og Avløp (DIHVA) er eit interkommunalt selskap (IKS) med 32 medlemskommunar. DIHVA skal vera eit kompetansesenter for vatn- og avlaupstenester. Selskapet skal utføre og formidle tenester og produkt som driftsassistanse, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsverksemd.

## Bakgrunn for prosjektet

Etter forureiningsforskrifta kapittel 12, er kommunane forureiningsmynde for avløpsanlegg mindre enn 50 pe. Kommunane er ansvarlig for å gi utsleppsløyve, men og å føre tilsyn (Forureinigslova § 48). Tilsynet skal omfatte den alminnelege forureiningssituasjonen og ureining frå enkelt kjelder.

Vassforskrifta stiler krav om at alle vatn, bekkar og sjøområder skal minimum ha god økologisk og kjemisk tilstand. Kartleggingsarbeidet som er gjort i Nordhordlandskommunane har konkludert med at ein ikkje oppnår dette aller stader. Mellom anna er det ein del vassdrag som ikkje når måla, mellom anna på grun av utslepp frå spreidd avløp.

Målsettinga med prosjektet er å unngå lokal forureining frå spreidd avløp, betre vasskvalitet i bekker og vatn for å sikre gode rekreasjonsmuligheiter for innbyggjarane, og verne om drikkevasskjeldene. Prosjektet i Nordhordland er eit pilotprosjekt som ein ynskjer å kopiere vidare til andre kommunar i Hordaland.

## Kvifor kartlegge

Effektiv tilsynsarbeid og opprydding i spreidd avløp, krev god oversikt over anlegg i kommunen. Dette er løyst på ulike måtar i andre kommunar, alt frå samanstilling av gebyrlister for renovasjon og avløp, spørjeskjema til synfaring. Mange kommunar som har gjennomført ei slik kartlegging, har oppdaga mange gratispassasjerar. Det er kommunar som har avdekka at dei hadde 80 prosent fleire anlegg enn dei var klar over før kartlegginga.

Kartlegginga gir kommunane ein oversikt over kva anlegg som er i kommunen og kor dei er lokalisert. Denne informasjonen kan nyttast til å gi ei totalvurdering av ureininga til dei ulike vassdraga, som igjen vil vera grunnlag for inndeling av ulike reinsesoner i kommunen. Det er og eit godt hjelpemiddel i planlegging av vidare utbygging av kommunale VA anlegg. Ein god oversikt over anlegga er også viktig for kommunane i arbeidet med å gjennomføre tilsyn,

ved at ein ikkje treng bruke tid og ressursar på tilsyn av anlegg som på papiret ikkje oppfyller reinsekravt.

## Finansiering

Etter innspel frå VA sektoren i kommunane, vart det søkt om midlar til opp start av prosjektet. Det vart søkt om skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland og om midlar frå Miljødirektoratet. Totalt har prosjektet mattatt 1.1 millionar. Ein har og tett samarbeid med vassregionen som har fått 1,2 millionar til opprydding av spreidd avløp.

Arbeid knytt til tilsyn med mindre avløpsanlegg skal finansierast gjennom gebyr etter sjølvkostprinsippet. Kommunane som er med i dette forprosjektet har vedtatt gebyrregulativ for vidare tilsynsarbeid.

## Kva er gjort

DIHVA gjennomførte i oppstarten av prosjektet møte med VA og byggesaksavdelingane i kommunane. Hensikta med møta var å få ein betre oversikt over utfordringar og innspel på korleis arbeidet bør organiserast.

Det er satt ned ei styringsgruppe med representantar frå kvar kommune samt DIHVA. Styringsgruppa skal koordinere arbeidet. Som ledd i dette arbeidet vart det arrangert studietur til Asker kommune og Driftsassistansen i Østfold. Begge har jobba med kartlegging og tilsyn av mindre avløpsanlegg.

Prosjektet har og god kontakt mot Fylkesmannen og vassregionen. Dei deltok også på studieturen til Austlandet.

Vassregionen i Hordaland har gjennomført ein prøverunde for å sjå på innhaldet av koliforme bakteriar og innhaldet av fosfor og nitrogen. Resultata synte at det i mange vatn og bekkar var særs høge verdiar både av bakteriar og næringssaltar. I Bøtjørna og Nesvatnet i Radøy, og Klebakkvatnet i Austrheim, vart det registrert oppblomstring av blågrønalgar. Det skal gjennomførast ei ny undersøking i august 2017. Dette arbeidet er finansiert av midlar frå Miljødirektoratet.

Ein har og hatt møte med Nordhordland digital og fått presentert korleis kartløysinga Nordhordlandskart kan nyttast i arbeidet.

## Vidare arbeid

Erfaring frå andre kommunar som har jobbe med kartlegging og tilsyn av mindre avløpsanlegg, er at ein må ha god politisk forankring. Det må og tidleg ut informasjon om prosjektet til innbyggjarane.

Mykje av dei politiske rammene vertsett i lokal forskrift, som supplement til delar av forureiningsforskrifta, og vil gi tydelege rammer både for kommune og innbyggjarar. Dette arbeidet er kommunane i Nordhordland allereie godt i gang med, og vil når det er vedtatt vera eit godt verkty for lettare kommunal saksbehandling.

Ein god oversikt over eksisterande anlegg må og på plass. Her ynskjer ein å jobba vidare med Nordhordlandskart, som allereie er tatt i bruk i kommunane. Detter er og eit system som kan utvidas til å omfatte kommunar i eit større geografisk område. Første del av dette arbeidet vil å samle inn informasjon frå ulike lister og kommunale system. Ein vil og vurdere å sende ut spørjeskjema og foreta synfaringar for å skaffe seg eit best mogeleg bilete.

Erfaring frå andre kommunar, syner at det kan vera hensiktsmessig å utarbeide handlingsplan for opprydding i avløp frå spreidd busetnad. DIHVA vil utarbeide ein mal for ein slik plan. Malen gir ein oversikt over lovverk, anleggstypar osv., som i hovudsak vil vera felles for alle kommunane. Kvar einskild kommune må tilpasse malen problemstillingane i kommunen, strategi, føringar, framdrift og prioriteringar. Strategi vil mellom anna omhandle føringar for tilknyting til offentleg avlaup (og vatn), og kva områder som framleis skal ha private løysningar. Om ynskjeleg kan DIHVA bistå kvar einskild kommune med dette arbeidet. Når ein slik plan har vore på høyring, og er vedteken av kommunestyret, vil den vera eit godt verktøy for opprydding av spreidd avløp i kommunen.

Prosjektet skal gi kommunane oversikt over alle mindre avløpsanlegg i kommunen som igjen vil vera nyttig i kommunen sitt arbeid med kommunal utbygging. Kartleggingsarbeidet vil så gå over i tilsyn, som vert regelmessig oppfølging av anlegg og påverknad på resipient. Kommunen i varetar sitt arbeid som forureiningsmynde, og sikrar at ein oppnår krava i Vassforskrifta innafor område der kommunen er sektormynd. Innbyggjarane vert sikra reint vatn til drikke og rekreasjon.

- DIHVA gjennomførte spørjeundersøking blant medlemskommunane for å få oversikt over kva områder dei yngste at DIHVA skulle bistå. Arbeid med §12 kom på fjerdeplass av 27 aktuelle aktiviteter.
- 17. desember 2013 Sonderingsmøte for alle meldemskommunane (16 kommunar deltok)
- 14. februar 2014 oppstartsmøte. Ca 20 kommunar
- Mars/april 2014 spørjeundersøking til alle kommunane Kartlegge kva som blir gjort og kva dei ynskjer bistand til innanfor §12 arbeidet.
- 15. mai 2014 arbeidsmøte (Diskuterte innhaldet i eit prosjekt, Vassområde og kommunar var med). Arbeidet stoppet etter kvart opp.
- 2015 prøvde å jobbe vidare med info til rådmenn og ordførara. Usikker på om det var rett måte - stopp opp.
- Arbeidet hadde tidlegare stoppa opp mykje på grunn av manglande finansiering. 2016 Søkte om skjønnsmidler og midler frå Miljødirektoratet (500/200). Valde ut kommunane i Nordhordland mellom anna pga tiltaksplan for Vassforskrifta hadde ein del VF med til tiltak retta mot spredt avløp i dette området.
- Fekk skjønnsmidler frå Fylkesmannen
- Besøkte kommunane sommaren 2016. Hadde møte med dei fem kommunane som er med i prosjektet, for å høyre kva behov dei hadde, og diskutere utforminga av prosjektet.
- 18. oktober 2016 Oppstartsmøte med alle kommunane.
- Møte med FM / leiar Vassområda samkjøre arbeid retta mot oppreinsking av mindre avløpsanlegg og i kombinasjon med landbruk.
- Januar 2017 fikk innvilget søknad hos Miljødirektoratet på 677 000,-
- Mai 2017 studietur til Austlandet med kommunane som er md i prosjektet, fylkeskommunen og representant frå miljøvernavdelinga hos fylkesmannen.
- 

- Arbeid med opprydding i spredt avløp.
- Ynskjer å få innspel / tips om:
    - Framgangsmåte
    - Orienteringa av politikarar og innbyggjarar
    - Private småanlegg eller offentleg utbygging
    - Private fellesløysningar
    - Lokal forskrift
    - Organisering og gjennomføring av tilsyn
    - Framgangsmåte når ting ikkje er slik det skal vera



# Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune, datert 01.09.2010

**Vedtatt i Radøy kommunestyre 30. september 2010, sak. 046/10.**

# Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune, datert 01.09.2010

Vedtatt i Radøy kommunestyre 30. september 2010, sak. 046/10.

Med heimel i «Lov om vern mot forurensninger og avfall» (forurensningsloven) av 13. mars 1981 nr 6, §9, jf. «Forskrift om begrensning av forurensing» (forurensningsforskriften) av 1. juni 2004 nr. 931 § 12-6.
Denne forskrifta erstattar krava i forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13. Elles gjeld forureiningsforskrifta.
Forskrifta trer i kraft når kommunestyret i Radøy vedtar den endeleg.

## § 1 FORMÅL

Denne forskrifta set krav til forvaltningsmessige tilhøve og tekniske løysingar knytt til nye bygg, påbygg, tilbygg, bruksendringar og utvidingar av hus og fritidsbustadar, men òg ved rehabilitering av mindre avlaupsanlegg, slik at omsynet til vassmiljø, resipient og brukarinteressene vert teke vare på i Radøy kommune.

## § 2 VERKEOMRÅDE

Forskrifta gjeld for Radøy kommune.

Forskrifta gjeld utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustadhus, fritidsbustader, bedrifter og andre verksemder med utslepp mindre enn 50 pe og innlagt vatn. Forskrifta gjeld òg ved utslepp av gråvatn der det er innlagt vatn.

Unntatt for forskrifta er bustadar, fritidsbustadar og andre aktørar som er tilkopla kommunalt avlaupsanlegg.

## § 3 DEFINISJONAR

Definisjonane i den lokale forskrifta er:
**Innlagt vatn:** Vatn frå vassverk, brønn, cisterneanlegg eller liknande som gjennom røyr eller slange er ført innandørs.
**Sanitært avlaupsvatn**: Vatn frå toalett, kjøkken, bad, vaskerom eller liknande. Samleomgrep for gråvatn og svartvatn.
**Gråvatn**: Avlaupsvatn frå kjøkken, bad, vaskerom eller liknande, avlaupsvatn frå toalett er unntatt.
**Svartvatn:** Avlaupsvatn frå toalett.

**Personekvivalent, pe:** Den mengde organisk stoff som vert brote ned biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk målt over fem døgn, BOF5, på 60 g oksygen per døgn. Avlaupsanlegget sin storleik i pe vert berekna på grunnlag av største vekemengde som samla går til overlaup, reinseanlegg eller utsleppspunkt gjennom året, med unntak av uvanlege forhold som for eksempel skyldast kraftig nedbør.
**BOF5:** Biokjemisk oksygenforbruk over fem døgn. Mål på innhald av organisk stoff i vatn.
**TKB:** Termotolerante koliforme bakteriar. Indikator på førekomst av tarmbakteriar.
**Resipient:** Vassførekomst som mottar forureining frå avlaupsanlegg. Resipient for alle typar anlegg er overflatevatn (bekk, elv, sjø, innsjø, våtmark, kanalar med vassføring).
**ADK-1 kurs:** Kurs i praktisk utføring av leidningsanlegg for vatn og avlaup, iht. NORVAR rapport nr. 124-2002.
**Reinseløysingar:** Fellesomgrep for installasjonar med formål å reinsa avlaupsvatn.
**NS-EN-12566-3:** Europeisk norm; «Små avløpsanlegg for opptil 50 personekvivalenter (pe) – Del 3: Prefabrikkert og/eller montert på stedet».
**Årssikker vassføring:** Vassføring som ved middeltemperatur over frysepunktet ikkje tørkar ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år i gjennomsnitt.
**Køyrbar veg:** Veg som har tilfredsstillande snuplass eller gjennomkjøring og dessutan kurvatur, stigningsforhold, breidde og styrke for å tåla eit kjøretøy av typen som tømmer og hentar slam i Nordhordland. Ved tvist om vegen er køyrbar, er kommunen sitt syn avgjerande.
**Etterpolering:** Med etterpolering i denne forskrift vert det meint ekstra reinsing etter hovudreinsetrinn (som minireinseanlegg eller gråvatnreinseanlegg) for å få stabilisert utsleppskvaliteten og få redusert mengda smittestoff i utsleppsvatnet.
**Eigedom:** Tomt eller avgrensa område med same gards- og bruksnummer, ofte med ein eller fleire bygningar.

## § 4 KRAV TIL UTSLEPPSSØKNAD, DOKUMENTASJON OG SAKSHANDSAMING

Etablering av nye utslepp eller vesentleg utviding av eksisterande utslepp av sanitært avlaupsvatn er søknadspliktig etter forureiningsforskrifta § 12-4.

Søknadsskjema «Søknad om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå hus og hytter» eller «Søknad om utsleppsløyve» med Radøy kommune sin logo skal nyttast. Alle vedlegg som er nemnd i skjemaet skal vedleggast søknaden i den grad dei er relevante.

Ved søknad om utsleppsløyve frå minireinseanlegg skal følgjande dokumentasjon vedleggast, i tillegg til punkta a) til i) i Forurensningsforskriften§ 12-4:

- Dokumentasjon på at minireinseanlegget tilfredsstillar NS-EN 12566-3.
- Kopi av sørvis/vedlikehaldsavtale med godkjent føretak (jfr. §11 i denne forskrift) iht. vedlegg 2.3 i kapittel 11 i forureiningsforskrifta.

Brukar- og miljøinteresser som kan verta råka av utsleppet må det opplysast om i søknaden. Der det er drikkevassinteresser skal det dokumenterast av fagkyndige at drikkevatnet ikkje vil verta påverka eller forureina av utsleppet.

Etter forureinsningsforskriften § 12-4 første ledd, kan kommunen krevja ytterlegare informasjon (inkl. vassanalysar) om resipienten.

Ved plassering av heile eller delar av avlaupsanlegget på andre sin eigedom, må erklæring om rett til å leggja, fornya og vedlikehalda anlegget vedleggast søknaden. Denne må tinglysast etter at løyvet er gjeve og før arbeidet vert sett i gang. Ved felles privat avlaupsanlegg må erklæring om felles ansvar for drift og vedlikehald, for den delen av anlegget som tener som fellesanlegg, vedleggast søknaden. Denne må tinglysast etter at løyvet er gjeve og før arbeidet vert sett i gang.

Ansvarleg søkjar må sikra at alle krav i eller med heimel i lov og forskrifter er oppfylt. Eigar er ansvarleg for all forureining frå anlegget.

Kommunen avgjer om utsleppsløyvet skal gjevast eller avslåast, i tråd med Forureiningsforskriften § 12-5.

Dersom kommunen ikkje har avgjort søknaden innan seks veker, eller gjeve tilbakemelding om eventuelle manglar eller lang sakshandsamingstid, reknar ein løyvet for gjeve, såframt det ikkje er grunn til å tru at nokon part vil vere misnøgd med dette, jf. forureiningsforskriften § 12-5.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Utsleppsløyve vil ikkje verta gjeve dersom pålegg om tilknyting til offentleg avlaupsnett kan gjevast med heimel i plan- og bygningslova § 27-2, eller omsøkt tiltak ligg i område for offentleg avlaup. Kommunen kan påleggja eigedomar å knytta seg til offentleg avlaupsnett i ettertid, viss det vert bygd offentleg avlaupsleidning ved eller i nærleiken av eigedommen.

Kommunen kan vedta opphøyr av utsleppsløyve, eller vedta etterpolering i ettertid, om naudsynt.

Utslepp etablert før 1. januar 2007, og som det på tidspunkt for etablering ikkje var naudsynt å innhenta løyve for etter det på den tid gjeldande regelverk, er lovleg til nytt enkeltvedtak eventuelt opphever det. Utslepp som på tidspunkt for etablering ikkje har fått innhenta løyve frå kommunen kan såleis brukast/nyttast på vanleg måte som før

til eit nytt enkeltvedtak er gjort i Radøy kommune. Anleggseigar pliktar sjølv å melde forholdet til kommunen og søkje løyve for utsleppet dersom det er mistanke om ureining av resipientar.

## § 5 GODKJENTE AVLAUPSLØYSINGAR

Avhengig av resipientundersøkingar og stadlege tilhøve er følgjande avlaupsløysingar godkjente:

1. Slamavskiljar med minimum 4 m3 for heilårsbustadar og minimum 4 m3 for fritidsbustadar.
2. Minireinseanlegg med minimum 90 % reduksjon av fosfor og BOF5.
3. Biologisk klosett skal fritidsbustader utan vassklosett nytta. Biologiske klosett skal tilfredsstilla kriteria for Nordisk miljømerking for avlaupsfrie klosett.
4. For gråvatn kan ein nytte prefabrikkert filterposekum i staden for slamavskiljar.
5. Tilknyting til offentleg avlaupsnett.

Forskrifta gjeld i nærare fastsette område som vist på resipientkart og rapportar frå Rådgivende biologer AS, datert 1999.

Reinsekrav i forbodssone vert i hovudsak reinseanlegg a/a+ med unnatak forbodsområde nemnd under § 9 Forbod. Ved val av resipient (utsleppsstad) skal ein leggje vekt på resipientens kapasitet, økologi og brukarinteresser og til ein kvar tid ny kunnskap om området og saksfeltet.

## § 6 KRAV TIL PROSJEKTERING OG UTFØRING

Føretak som prosjekterer eller utfører avlaupsanlegg som vert omfatta av at denne forskrifta skal vera godkjent i aktuelle godkjenningsområde og klassar i samsvar med plan- og bygningslova. Dette gjeld både for søknad, prosjektering, utføring og kontroll.

Når avlaupsanlegget er ferdig bygd, må ferdigmelding sendast til kommunen.

## § 7 REINSEKRAV

Radøy kommune er inndelt i følgjande reinseklassar med tilhøyrande krav til reinseeffekt:

| Reinse-klasse | Krav til reinseeffekt (%) | | | Krav til rein-seeffekt (tal/100ml) |
|---|---|---|---|---|
| | Total fosfor (P) | BOF5 | Suspendert stoff (SS) | Bakteriar (TKB) |
| A+ | 90 | 90 | - | < 1000 |
| A | 90 | 90 | - | - |
| D | | 20 (eller < 180 mg SS/l i utslepp) | | |

Reinseeffekt i % vert rekna som årleg middelverdi av det som vert tilført reinseanlegget.

Reinsekrava gjeld for følgjande område:

| Kommune | Område | Reinseklasse |
|---|---|---|
| Radøy | Vassdrag, ferskvatn, tjørn, bekkar og lukka grøfter (minireinseanlegg) | A |
| Radøy | Sjøområde med dårleg resipient (minireinseanlegg) | A |
| Radøy | Område som bakteriar/smittestoff kan forureina drikkevatn/badeplassar (minireinseanlegg med etterpolering) | A+ |
| Radøy | Gode sjøresipientar (slamavskiljar) | D |

Slamavskiljar kan nyttast der ein kan føra utsleppet i tett leidning til godkjent resipient i sjø.
Slamavskiljarar for enkeltbustader og fritidsbustader skal minimum ha følgjande minstekrav til våtvolum og tal kamrar:

| Type | Tot. våtvolum ($m^3$) | 1. kammer | 2. kammer | 3. kammer |
|---|---|---|---|---|
| 1 bueining | 4,0 | 3,0 | 0,5 | 0,5 |
| 2 bueiningar | 7,0 | 5,2 | 0,9 | 0,9 |
| 3 bueiningar | 9,5 | 7,1 | 1,2 | 1,2 |

Slamavskiljar skal plasserast og utformast slik at tømming av alle kammer er mogleg. Plassering og tilkomst skal oppfylle gjeldande krav i «Forskrift for slamtømming» i Radøy kommune, vedteke 13.05.2004. Slamavskiljarar skal tømmast heilt for slam etter behov, men ikkje sjeldnare enn kvart andre år for heilårsbustader og kvart fjerde år for fritidsbustader.

Ved søknad om utsleppsløyve frå slamavskiljar, skal arbeidet utførast i tråd med VA/Miljøblad nr. 48.

Filterpose i staden for slamavskiljar vert berre godkjent for eksisterande fritidsbustadar, berre for gråvatn og berre der det ikkje er mogeleg med tilkomst med septikbil/tømmeutsyr.

I Radøy kommune vert det stilt krav om biologisk/kjemisk minireinseanlegg i reinseklasse a eller a+. I område med reinseklasser a+ vert det stilt krav om etterpolering før utslepp. Område det kan verta stilt krav om etterpolering er i nærleiken av badeplassar eller i nedslagsfeltet til brønnar, borehol eller drikkevatn.

Dersom det vert sleppt ut gråvatn i område med reinseklasse a eller a+ skal gråvatnet gå gjennom reinsing i gråvatnreinseanlegg med tilsvarande reinseeffekt.

Dersom det vert sleppt ut gråvatn i område med reinseklasse d: Gråvatnet skal minst gjennomgå slamavskiljing ved utslepp til sjø. Gråvatnet skal gjennomgå reinsing i gråvatnreinseanlegg ved utslepp til vassdrag/kanal.

Reinsekrava gjeld for alle utslepp av sanitært avlaupsvatn på ein eigedom. Ved nytt eller utviding av eksisterande løyve, skal det stillast krav om at alle utslepp av sanitært avlaupsvatn, frå alle bygningar på ein eigedom, skal tilfredsstilla reinsekrava.

## § 8 TETT TANK - LØYSINGAR

Tett tank-løysingar er ikkje tillate. I særlege tilfelle der ikkje anna løysing er mogeleg, kan det etter grunngjeven søknad verta gjeve dispensasjon. Dispensasjon kan berre gjevast for toalettavlaup, og berre i kombinasjon med godkjent reinseløysing for gråvatn.

Tankvolum skal vera minimum 6 m3 for heilårsbustadar og 3 m3 for fritidsbustadar, og utførast i tråd med NS1545.

Avtale om tømming frå eit godkjent slamtømmeselskap må vera på plass før anlegget vert montert og teke i bruk. Det vert stilt krav om alarm, som varslar i god tid før tanken er full, direkte til slamtømmar i kommunen.

# § 9 FORBOD

Til følgjande vatn og elvar med nedbørfelt vert det ikkje godkjent nye utslepp av avlaupsvatn, utan at det er i samsvar med gjeldande klausulering:

A. Ulvatn
B. Færevatn-Vaulen
C. Vestevatn-Gjerdevatn-Storrindvatnet (store algemengdar)
D. Kvalheimsvatn
E. Storavatnet (Toska)
F. Landområde med mindre tjern og bekkar og særs sårbare sjøresipientar.

Forbodet gjeld elles einkvar drikkevasskjelde eller reservevasskjelde.

# § 10 KRAV OM SAMLA PLAN

I tråd med forureiningslova § 11 skal forureiningsspørsmål om mogeleg løysast for større område under eitt. Kommunen kan krevja at det vert utarbeida ein samla plan for avlaupsreinsing i eit naturleg avgrensa område i samband med utsleppssøknadar. Kommunen avgjer planavgrensing for område som må utgreiast i samband med felles avlaupsløysing.

# § 11 UTSLEPPSSTAD

Utsleppsstad for avlaupsvatn frå slamavskiljar (reinseklasse d) til sjøresipient skal lokaliserast slik:

a) For tilstrekkeleg fortynning og innlagring av avlaupsvatnet må utsleppsdjup som hovudregel vere større enn 10 meter for utslepp inntil 25 pe og 20 m for utslepp over 25 pe,
b) Minst 20 meter frå land horisontalt og minimum 100 meter frå ålmenn nytta badeplass.
c) Anlegg/leidningsnett skal vere frostsikkert og ha tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatilhøve.
d) Det skal takast omsyn til landskap og natur i utføring og plassering av anlegget og leidningar.

Utsleppsstad for avlaupsvatn frå reinseanlegg (reinseklasse a eller a+) skal lokaliserast slik at:

a) utslepp i tett leidning til sjø og ferskvatn vert lokalisert minst 2 meter under lågaste vasstand.
b) utslepp i tett leidning til elv/bekk/kanal/grøft skal berre skjer til resipient med årsikker vassføring, jf. § 3 i Vannressurslova, eller til leidning for jordbruksdrenasje dersom den munnar ut i resipient med årsikker vassføring.

Anlegget og leidningar må vera frostsikre og ha tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatilhøve.

Utsleppsstad for avlaupsvatn frå reinseanlegg skal lokaliserast og utformast slik at verknadane av utsleppet på resipienten og inngrep i naturen vert minst mogeleg, og konflikt med andre interesser vert unngått. Drikkevatn må ikkje forureinast. Elvar og bekker som tek i mot reinsa avløpsvatn, skal ha årsikker vassføring. Infiltrasjon i grunnen vert det ikkje gjeve løyve til.

Ved utslepp til innsjø, tjern eller dam, skal utløpet vere neddykka til ei kvar tid.

Ved utslepp til sjø skal utsleppstad og djupne vurderast i forhold til resipienten for kvart tilfelle. Straumtilhøve, brukarinteresser sjø og eventuelle tersklar mot eit større basseng skal vurderast. Leidningen skal vere neddykka og forankra i heile si lengd på ein slik måte at den ikkje flyt opp eller endrar leie. Lodd skal vere av betong og ha avrunda form og innfelte boltar, slik at dei ikkje skader eller fester fiskereiskap.

Det er forbod mot å montere avfallskvern til røyropplegg som er tilknytt private, kommunale eller offentlege avløpsanlegg.

Krav utover minimumskrav kan setjast i enkeltsaker etter vurdering av lokale tilhøve.

## § 12 LUKT

Avlaupsanlegget skal dimensjonerast, byggjast, drivast og vedlikehaldast på ein slik måte at omgivnadene ikkje vert utsett for sjenerande lukt.

## § 13 KRAV TIL DRIFT OG VEDLIKEHALD

Eigar av anlegg er ansvarleg for at det vert drive og vedlikehalde slik at alle krav vert følgd.

Ved bruk av reinseløysingar som inkluderer mekaniske komponentar, som krev periodisk ettersyn og vedlikehald, skal anleggseigar inngå sørvis/vedlikehaldsavtale med godkjent føretak. Ved alle minireinseanlegg skal det som del av drifts- og vedlikehaldsavtalen takast representativ prøve på utlaup minimum kvart 4. år. Denne skal analyserast på tot-P og BOF5 av akkrediterte laboratorium.

Sørvis/vedlikehaldsføretak pliktar å senda årsrapport kvart år innan 1. mars for anlegg med sørvis- og vedlikehaldsavtale til kommunen. Anleggseigar skal ha kopi av sørvisrapport ved utført sørvis/vedlikehald. På spørsmål frå kommunen pliktar også føretaket å framlegga kopi av sørvisrapport til kommunen. Ved konkurs/opphøyr hjå leverandør

skal eigar inngå drifts- og vedlikehaldsavtale med annan fagkyndig verksemd, godkjent av kommunen.

Felles private avlaupsanlegg skal organiserast som andelslag eigd av brukarane. Også ved utviding av eksisterande fellesanlegg kan kommunen krevja at anlegget vert organisert som andelslag. Ein eventuell kommunal overtaking av eit felles privat avlaupsanlegg må avklarast med kommunen i forkant av handsaminga av søknad om løyve til utslett.

Slam frå slamavskiljar skal tømmast av kommunen sin renovatør. Alle slamavskiljarar skal sjekkast av renovatør ved kvar tømming.

Ved installering av slamavskiljar, tett tank eller andre reinseanlegg som krev tømming, vert det stilt krav om at anlegget er tilgjengeleg for tømming med septikbil frå køyrbar veg. Krava til vegstandard, maksimum høgde og avstand frå slambil sin plassering ved tømming til tank skal vera i tråd med Radøy kommune sin kommunale slamforskrift, vedteke 13.05.2004.

Ved tømming frå båt må det føreligga skriftleg kontrakt med godkjent føretak. Tømming må samordnast med andre brukarar i området, og kommunen kan krevja at det vert utarbeida ein samla plan for slamtømming i eit naturleg avgrensa område. Det er kommunen som avgjer om båt kan nyttast til tømming av slam.

## § 14 TILSYN OG KONTROLL

Radøy kommune er forureiningsmyndigheit og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget dekkar kostnad knytt til tilsyn og kontroll.
Alle reinseanlegg skal tilretteleggjast for prøvetaking på utlaup. Kommunen kan etter ei tid med drift, eller ved mistanke om forureining, krevje at anleggseigar sendar inn prøvar til akkrediterte laboratorium som viser effekten av anlegget (analyse av fosfor, nitrogen, BOF5 og TKB). Dersom anleggseigar ikkje etterkommar krav om analyser kan kommunen utføre analysearbeidet for anleggseigar si rekning. Leverandør/produsent av anlegget kan ikkje utføra prøvetaking av utsleppskontroll. Dersom anlegget sin yting/funksjon ikkje er tilfredsstillande, eller om sørvis/vedlikehald er mangelfull, kan kommunen treffe naudsynte vedtak i medhald av forureiningslova.

Kommunen kan, med heimel i Forurensningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 gjeva pålegg om endring eller opphøyr av lovleg utslepp etter denne forskrifta.

Gebyr for sakshandsaming og kontroll vert fastsett årleg av kommunestyret i Radøy kommune.

# Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune, datert 01.09.2010

RADØY
den grøne øya

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

REGIONALAVDELINGA
Seksjon for klima- og naturressursforvaltn - REG AVD

Frå Hordaland fylkeskommune

Til Alle kommunar i Hordaland

Ved politikarar og adminstrasjon

Dato: 08.09.2017
Vår ref.: 2017/15298-1
Saksbehandlar: sveklyv
Dykkar ref.: «REF»

# Vassforvaltinga i kommunen for å nå miljømåla

**Det er ei stor oppgåve å ta vare på vatnet som ressurs. For å nå målet om at alt vatn skal ha god kvalitet, har norske styresmakter vedteke «Vassforskrifta « og bygd opp eit breitt samarbeid mellom ulike aktørar. Kommunen har ein viktig jobb i dette arbeidet som no er i gang.**

**Kva medfører  dette konkret for kommunane:**
Kartleggingsarbeidet som er gjort i vassforekomstar i Hordaland har konkludert med at me ikkje har god vasskvalitet alle stader. Mellom anna er det ein del vassdrag som ikkje når kvalitetsmåla på grunn av utslepp frå spreidde avlaup, kloakk, landbruk,avfall m.m.. Kommunen skal følge opp tiltak som inngår i tiltaksprogrammet og kan treffe vedtak etter relevante lover der kommunen har mynde. I kommunen si sakshandsaming skal det foretakast ytterligere vurderingar av fordeler og ulemper ved dei einskilde tiltak før gjennomføring.
Tiltak innan avlaup vil mellom anna kunna gje krav om modernisering og utbetring av eksisterande avlaupsordning og kloakk i område med vassforekomstar som ikkje held kvalitetsmåla.
Tiltak innan landbruk vil kunna gje krav om endringar i driftsform og tekniske anlegg i område med vassforekomstar som er i risiko og ikkje held kvalitetsmåla.

Hordaland fylkeskommune har i 2016 og 2017  informert kommunane i ulike fora om kva vassførekomstar som har problem og gjeve dei lister over kommunen sine tiltak som ligg i planen. Me har også gjeve tilbod om å møta kommunen for å diskutera tiltaka, og har alt vore i møte med nokre.  Møte i alle vassområdeutvala, der alle kommunar er med våren 2017, gav også inngåande kunnskap om arbeidet som no skjer.
Det er viktig at alle kommunar no er i gang med vurdering av tiltaka og planlegg gjenomføringa av desse.  Dersom eit tiltak ikkje kan gjennomførast innan denne perioden (2017-2021), må ein oppgie årsak (uforholdsmessig dyrt, tekniske årsakar eller uforutsette natur- og miljøkonsekvensar § 9 i vassforskrifta).
Det er difor no viktig at politikarar og administrasjon i kommunen prioriterer dette arbeidet framover for å overhalda vedtekne fristar. Kommunen må bruka eigne og naudsynte  ressursar til å møta i prosjektgrupper, få fram faglege fakta og planleggja tiltak.

**Oppsummering av dette arbeidet:**

- Gjennomgang og analyse av tiltaka i kommunen i 2017
- Planlegging av tiltaka der ein er sektormynde(landbruk, avlaup, avfall m.m. ) i 2017-2018
- Rapportering av gjennomføring av tiltak innan 2018
- Gjennomføring av tiltaka innan 2021

I perioden 2017-2019 vil Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland bruka 2-3 millionar kroner på overvåking og prøvetaking i vassforekomstar i Hordaland. Dette arbeidet er finansiert med statlege midlar. Me prioriterer å undersøkja område der det skal gjennomførast tiltak. Resultata av desse undersøkingane kan ein fortløpande finna på vann-nett.no. Her finn ein også fakta om alle vassførekomstar i landet vårt.

**Prosjektmidlar til landbruk og avlaup:**
Me veit at kommunen har mange og store oppgåver på ulike område, og har sett at dei treng hjelp. Hordaland fylkeskommune har difor søkt om midlar og fått pengar frå Miljødirektoratet til arbeidet med tiltak innan avlaup og landbruk i Hordaland.
Me har fått kr 1,2 mill til gjennomføring av prosjekt på separate avløp i regi av DIHVA (driftsassistansen for vatn og avløp i Hordaland). Oppstart og utprøving av metode vert gjennomført i kommunane i Nordhordland. Erfaringar herifrå vert overført til andre område i fylket.
Me har fått kr 600 000 til gjennomføring av prosjekt på landbruk. Oppstart og utprøving av metode vert gjennomført i kommunane i Nordhordland i regi av dei lokale landbrukskontora. Erfaringar herifrå vert overført til andre område i fylket.

I løpet av hausten 2017 vil det verta kalla inn til møte i vassregionutvalet for Hordaland, der me vil informera meir om prosjekta og kommunane si rolle i dette arbeidet. Det er viktig at politikarar og adminstrasjon som er valde til utvalet, kjem på dette møtet.

**Regionale vassforvaltingsplanar:**
Regionale vassforvaltningsplaner for perioden 2016-2021 var på brei høyring og vart handsama av dei fleste kommunestyra. Planen vart vedteken av fylkestinga i 2015 og godkjent av Klima- og miljødepartementet 01.07.2016. Tiltak innan vasskraft fekk utsett frist til neste planperiode til 2027, medan dei fleste andre tiltaka ligg inne i denne planperioden. Planane bestemmer kva som er miljømålet for vassforekomstane og når desse skal nåast.

**Vassforskrifta**
For å få til eit løft for vassmiljøet valde Noreg å slutte seg til «EUs vanndirektiv». For å sikre gjennomføringa av vassdirektivet i Noreg, har styresmaktene i 2006 utarbeidd den norske «Vassforskrifta», som har som mål å sikre ei betre forvalting av vassførekomstane. Forskrifta krev at vassførekomstane frå fjell til fjord skal ha god økologisk og kjemisk tilstand ut i frå definerte måleparameter.

**Kommuneplanen sin arealdel**
De regionale vannforvaltningsplanane har verknad for kommunen si arealplanlegging. I saker der kommunen er mynde må den vurdere om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassforekomst fører til at miljømål ikkje vert nådd eller at tilstanden vert dårlegare, og eventuelt om vilkåra etter vassforskrifta § 12 er oppfylt. Kommunen sin plan for vatn, avløp og vassmiljø er viktig for å få diskutert desse fagområda.

**Hordaland fylkeskommune**
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]

**Rolleavklaring:**
**Fylkeskommunen:** er vassregionmynde, skal styra prosessen og rapportera tiltaka innan gjeldande fristar til departementet.
**Fylkesmannen:** er miljøfagleg anvarleg for arbeidet og overvakinga av vassforekomstane
**Sektormynda (kommune, NVE, Fylkesmannen, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet m.fl) :** skal syta for at tiltaka vert gjennomført og rapportera desse til fylkeskommunen

**Det vert vist til meir info om kommunen sin rolle i vassforvaltingsarbeidet på**
**miljokommune.no**
**vannportalen.no**
**vann-nett.no.**
**vannforskriften i lovdata.no**

Har de spørsmål om arbeidet så svarar sakshandsamar i Hordaland fylkeskommune gjerne på spørsmål. Ta kontakt med Sveinung Klyve på mobil 95987501 eller e-post: sveinung.klyve@hfk.no

Koordinator for dei einskilde vassområda i Hordaland er:

Voss-Osterfjorden vassområde: Sveinung Klyve, tlf 95987501
Vest vassområde: Ole Sandven tlf 99241781
Hardanger vassområde; Lars Prestiin, tlf 40007155
Nordhordland vassområde: Kjersti Isdal tlf 97129193
Sunnhordland vassområde: Kari Rydland, tlf 41764898

Venleg helsing

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Sveinung Klyve
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune** Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Maud Sleire Holmaas | | 17/1062 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 025/2017 | Teknisk utval | PS | 06.11.2017 |

## Delegerte saker

32T

089/2017 Graveløyve i offentleg veg og gategrunn - gbnr 5/3 - Areklettvegen

***Masfjorden kommune viser til mottattsøknad om graving langs offentleg ved, Areklettvegen.***

***Søknaden med vedlegg vert godkjent på fylgjande vilkår:***

- ***Det er ansvarleg søkar som er ansvarleg for trafikkavikliga, skilting,varsling, stengning.***
- ***Eventuelt skade på kommunal veg skal rettast opp når tiltaet er avslutta.***
- ***Tilbakemelding til kommunen når arbeidet er avslutta.***

Grunngjeving

Tiltaket gjeld framføring av fiber langs kommunal veg til bustafelt Skjesundet og Giljane.

***Heimel***

***Vegtraffikkloven § 32 og 57.***

096/2017 Melding om delegert vedtak - igangsetting- grunnarbeid gbnr 50/143, Stordalen

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan – og bygningslova og godkjenner søknad om**

**igangsetting av grunnarbeid, gbnr 50/143, Stordalen.**

**Søknad med vedlegg mottatt 04.08.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 30.03.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf.**

  **SAK § 6-3.**

  **Det må sendast inn ny komplett Gjennomføringsplan før oppstart av tiltaket.**

- **Det må sendast inn koordinatar for tiltaket før ferdigmelding.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk**

**Grunngjeving:**

**Tiltaket er i trå med reguleringsplan Stordalshammaren.**

**Heimel**

**Kommuneplan 2012-2024**

**Plan og bygningslova § 20-1**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har**

**følgjande føretak erklært ansvarsrett:**

| FUNKSJON | FØRETAK | ORG.NR. | L/S * | TILT.KL. | ANSVARSOMRÅDE |
|---|---|---|---|---|---|
| **SØK** | Terje Ulstein | sjølvbyggjar | L | 1 | Søkjar |
| **PRO** | Vest Oppmåling as | 987321679 | S | 1 | Prosjektering stikkningsdata |
| **PRO** | Haugen Odd Maskinstasjon AS | 953498685 | S | 1 | Prosjektering grunnarbeid og grøfter |
| **UTF** | Vest Oppmåling as | 987321679 | S | 1 | Prosjektering stikkningsdata |
| **UTF** | Haugen Odd Maskinstasjon AS | 953498685 | S | 1 | Utførande grunnarbeid og grøfter |

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

**Adressevedtaket:**

**Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 50 bnr 143, skal ha følgjande offisiell adresse**:

**Stordalshammaren 1**

Heimel:

Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og tilhøyrande forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).

080/2017 Melding om delegert vedtak - oppføring av bod- gbnr 50/2 og 50/4

**Masfjorden kommune viser til plan – og bygningslova § 19-2 og § 20-2, og godkjenner søknad om oppføring av bod, gnr 50/2,4, Stordalen.**

**Søknad med vedlegg mottatt 14.08.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonskart mottatt i søknaden**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

**Grunngjeving:**

**Omsøkt tiltak ligg i området avsett til LNFområdet i kommuneplanen. Tiltaket vil ikkje gje noko endra bruk av eigedomen etter oppføring av bod.**

**Tiltaket er så lite omfattande at den etter ein konkret vurdering må sjås som ein liten vesentleg endring.**

**Heimel**

**Plan – og bygningslova § 19-2 og 20-2**

**Kommuneplanen.**

102/2017 Melding om delegert vedtak - tilkopling kommunalt vatn og utsleppsløyve - Engesund Fiskeoppdrett AS, Duesund

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og villkår for tilknyting og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vatn, Duesund.**

**Søknad med vedlegg mottatt 17.09.2017, vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Dersom det må nyttast reduksjonsventil/trykkauking grunna høgt eller lågt trykk, er det ansvarleg søkjar/rørleggjar å ta kostnaden med dette.**
- **Det skal innstallerast vassmålar.**
- **Tilknytingsavgifta må vere betalt før tilkopling av vatn.**
- **Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.**

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningslova § 12, og det vert det gjeve utsleppsløyve av sanitært avløpsvatn frå fiskeoppdrettsanlegg, Duesund.**

**Søknad med vedlegg mottatt 17.09.2017, vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.**

**Godkjenning**

Stusdal VVS A/S 5915 Hjelmås, vert godkjent som ansvarleg for heile tiltaket.

**Finansiering**

Gebyrregulativet

**Heimel**

Masfjorden vassverk, reglement og villkår for tilknyting.

Forrurensingsforskrifta 12.

065/2017 Melding om delegert vedtak - utslepp av sanitært avløpsvann - gbnr 24/1, Ådnekvam

**Masfjorden kommune ved rådmannen viset til § 12 forrurensingsforskrrifta og godkjenner søknad om utslepp frå 2 stk slammavskillar til sjø, gbnr 24/1, Ådnekvam.**

**Søknad med vedlegg mottatt 30.06.2017, vert godkjent på fylgjaned vilkår:**

- **Avløpsleidning skal leggast på minimun 15 under lavaste vasstand, og forankrast slik at den ikkje kjem i konflikt med brukarar av strandsona.**
- **Ved ferdigattest skal det sendast inn avtale om tømming av slammavkillar, av godkjent renovasjonsfirma.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takat i bruk.**

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med Forrurensingsforskrifta § 12, og reguleringsplan for Ådmekvam.

Heimel:

Forrurensingsforskrifta § 12

**Ansvarsrett:**

**Hjelmås vvs as, 988410586, vert godkjent som ansvarleg for: SØK, PRO, og UTF.**

083/2017 Melding om delegert vedtak - utslepp av sanitært avløpsvatn - gbnr 5/69 Giljane

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forrurensingslova § 12 , og godkjenner søknad om utslepp for gnbr 5/69, Giljane.**
**Søknad med vedlegg mottatt 21.08.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Det skal gjevast ferdigatest før tiltaket kan takst i bruk.**
- **Avlaupsleidning skal førast ut til min 10m djup. Og forankrast på ein trygg måte for ikkje å skape hinder for brukarar av strandsona.**
- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.05.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf.**

**SAK § 6-3.**

**Grunngjeving: tiltaket er i trå med reguleringsplan utviding av Giljane.**

**Heimel**

**Forrureiningslova**

**Reguleringsplan utviding av Giljane.**

091/2017 Melding om delegert vedtak - arealoverføring frå GBNR 38/33 til fritidstomt GBNR 38/31

**Med heimel i plan- og bygningslova §1-8, gjev Masfjorden kommune dispensasjon frå byggje og**

**deleforbodet mot sjø og med heimel i plan- og bygningslova §19-2, gjev Masfjorden kommune**

**dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen til å arealoverføre areal regulsert til LNF-område. Arealet skal nyttast til fritidsføremål.**

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til å arealoverføre om lag 600 m2 frå gbnr 38/33 til gbnr 38/31.**

086/2017 Melding om delegert vedtak - arealoverføring frå GBNR 57/4 til bustadtomt GBNR 57/20

**Med heimel i Plan- og bygningslova §1-8, gjev Masfjorden kommune dispensasjon frå byggje og deleforbodet mot sjø og med heimel i Plan- og bygningslova §19-2, gjev Masfjorden kommune dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen til å dele areal regulsert til LNF-område. Arealet skal nyttast til bustadføremål.**

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til å arealoverføre om lag 100 m2 frå gbnr 57/4 til gbnr 57/20.**

095/2017 Melding om delegert vedtak - bygging av balkong - gbnr 30/17, Sandnes

**Masforden kommune viser til plan –og bygningslova § 20-4, og godkjenner søknad om oppføring av terrasse, gbnr 30/17, Sandnes.**

**Søknad med vedlegg vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt med søknad, med heimel i pbl. § 29-4, jf, SAK § 6-3.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

**Grunngjeving:**

**Tiltaket er i trå med kommuneplanen 2012 -2024.**

**Heimel:**

**Plan – og bygningslova § 20-4**

**Kommuneplanen 2012 -2024**

078/2017 Melding om delegert vedtak - dispensasjon - sagbruk Mollandseid - gbnr 18/3

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan og bygningslova § 19-2, godkjenner søknad**

**om dispensasjon frå kommuneplanen til oppføring av landbruksbygg (sagbruk)med utleigehusvære, og plannering, gnr 18 bnr 3, Mollandseid.**

**Søknad med vedlegg mottatt 28.02.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket må ikkje igangsettjast før klagefristen på vedtaket er ute og det ikkje ligg føre**

  **klage på dispensasjons vedtaket.**

- **Det skal sendast inn byggesøknad frå ansvarleg søkjar før tiltaket kan igangsettjast.**
- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonskart mottatt 03.02.2017.**
- **Dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart**

  **motteke av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf.**

  **pbl. § 21-9.**

**Grunngjeving:**

**Omsøkt landbrukbygg vert liggande i eit området kor det allereide ligg ein veg, naust, og felleskai for**

**Mollandseid. Husvære på sagbruket er for utleige dette for å styrke næringsgrunnlaget på garden. Husvære er tenkt som utleige i perodar av året, der ikkje sagbruket er i drift. Husværet skal ikkje delast i frå hovedbruket. Vidare kan ein for dette tiltaket nytte seg av eksistrande infrastruktur som ligg tett**

**inntil omsøkt tiltak. Administrasjonen kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil koma i konflikt med**

**viktige arealinteresser, helse,miljø, tryggleik, tilgjenge eller landskapskvalitetar. Ein kan heller**

**ikkje sjå at å dispensera frå kommuneplanen på denne staden, vil medføra uheldige følgjer i**

**høve til medverknad eller andre interesser. Vidare finn administrasjonen at føremonene ved å**

**gje dispensasjon er klart større enn ulempene ved omsøkt tiltak, spesielt fordi ein dispensasjon**

**ikkje vil ha særlege konsekvensar for verdiar som strandsonevernet er meint å ta vare på.**

**Heimel**

**Plan – og bygningslova § 19-2**

**Kommuneplan 2012 - 2024**

097/2017 Melding om delegert vedtak - dispensasjon for bygging av kai/molo - gbnr 44/21,38 Solheim

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til 19-2 plan – og bygningslova og godkjenner søknad om dispensasjon til utviding av kai/molo, og mudring av sjøbotn, gbnr 44/21,38 Solheim.**

**Søknad med vedlegg mottatt 06.07.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket må ikkje igangsettjast før klagefristen på vedtaket er ute og det ikkje ligg føre**

  **klage på dispensasjons vedtaket.**

- **Det skal sendast inn byggesøknad med ansvarleg søkjar før tiltaket kan igangsettjast.**
- **Tiltaket skal prosjekterast etter TEK 10.**
- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonskart mottatt 06.07.2017.**

- **Dersom det under anleggsarbeid blir oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og ansvarleg søkjar skal straks melde frå om dette til Hordaland fylkeskommune, jf Lov om kulturminne.**
- **Ved gjennomføring av tiltaket, inngrep i terreng, skal leggast stor vekt på skånsam gjennomføring.**

**Grunngjeving: Omsøkt kai ligg i eit området kor det allereide ligg, kai, naust, og bustadhus på eigedomen. Vidare kan ein for dette tiltaket nytte seg av eksistrande infrastruktur som ligg tett inntil omsøkt tiltak og dette vert ei lita utviding av naustområdet. Administrasjonen kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil koma i konflikt med viktige arealinteresser, helse, miljø, tryggleik, tilgjenge eller landskapskvalitetar. Ein kan heller ikkje sjå at å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen på denne staden, vil medføra uheldige følgjer i høve til medverknad eller andre interesser. Vidare finn administrasjonen at føremonene ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene ved omsøkt tiltak, spesielt fordi ein dispensasjon ikkje vil ha særlege konsekvensar for verdiar som strandsonevernet er meint å ta vare på. Ein vil ikkje privatisera området noko meir etter utvidinga.**

**Heimel:**

**Plan – og bygningslova § 19-2**

**Kommuneplan 2012 - 2024**

107/2017 Melding om delegert vedtak - endring av avlaupsplan - Librotet og Kleivetoppen.

***Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forurensingforskrifta og godkjenner mottatt søknad om endring av avlaupsplan for Libritet og Kleivetoppen hyttefelt.***

***Grunngjeving: Endringa er i trå med reguleringsplanane for hyttefelta. Søknaden er i trå med vedtak 065/11.***

***Heimel: Forrurensingsforskrifta og sak 065/11.***

094/2017 Melding om delegert vedtak - Gangvei gbnr 10/3 - Kvamsleitet

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til pplan – og bygningslova § 20-4, og godkjenner soknad om bygging av gangveg, gbnr 10/3, Kvamsleitet.**

**Søknad med vedlegg mottatt 11.09.2017, vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Dersom det under anleggsarbeid blir oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og ansvarleg søkjar skal straks melde frå om dette til Hordaland fylkeskommune, jf Lov om kulturminne.**
- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonskart mottatt 11.09.2017. Bredde på gangveg skal vere maks 2 meter.**
- **Ved gjennomføring av tiltaket, inngrep i terreng, skal leggast stor vekt på skånsam gjennomføring, med tilbakeføring av stadeigen vegetasjon når tiltaket er gjennomført.**
- **Det skal sendast inn koordinatar for tiltaket når det vert søkt om ferdiattest.**
- **Det skal søkjast om ferdigattest når tiltaket er ferdig.**

**Grunngjeving:**

**Tiltaket gjeld bygging av gangveg  til hytter for Kvamsleitet.**

**Bygginga av vegen vil vere med betre tilkomsten til hyttene i området , betre landbruks tilkomsten til eigedomen og anna friluftsliv.**

**Heimel**

**Plan – og bygningslova § 19-2**

**Kommuneplan 2012 - 2024**

090/2017 Melding om delegert vedtak - gbnr 47/5 Haugsvær - Arealoverføring til bustadtomt - Dispensasjon

**Søknad om dispensasjon til å arealoverføre 575 m2  frå gbnr. 47/5 til bustadeigedom gbnr. 47/20 på Haugsvær, vert IKKJE godkjent.**

**Grunngjeving.**

**Arealet ligg innanfor bygge- og deleforbodssona ved sjø i pbl §1-8 og er i arealplanen til kommuneplanen avsett til LNF-område. Ut i frå ei samla vurdering, kan Masfjorden kommune ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl § 19-2.**

066/2017 Melding om delegert vedtak - grunnarbeid/planering - gbnr 47/5 og 47/9, Haugsvær.

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 19-2 og § 20-1 plan – og bygningslova , og godkjenner søknad om grunnarbeid og planering, på gbnr 47/5, Haugsvær.**

**Søknad med vedlegg mottatt 06.07.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 06.07.2017med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- **Støttemur skal ligga minst 3 m frå kommunal veg.**
- **Statens vegvesen skal orienterast før oppstart av grunnarbeidet og avgjerande betydning at ein fyller på ein slikmåte at E39 på ingen måte vert skadelidande, verken ved sjølve utfyllinga eller ved seinare setningar.**
- **Det skal sendast inn UTF grunnarbeid og ansvarleg UTF for utstikking og innmåling før tiltaket kan igangsettjast.**
- **Koordinatar av tiltaket skal sendast inn før ferdigmelding.**
- **Det skal gjevast ferdigattet før vidar utbygging av tiltaket.**

**Grunngjeving: Masfjorden kommune kan ikkje så at å dispensere som vist i søknaden, vil ha noko arealmessige negative konsekvensar som reguleringsplanen for Haugsværdalen er mein å ivareta.**

**Heimel:**

**Plan – og bygningslova §19-2 og 20-1.**

**Reguleringsplan Haugsværdalen.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har

følgjande føretak erklært ansvarsrett:

| FUNKSJON | FØRETAK | ORG.NR. | L/S * | TILT.KL. | ANSVARSOMRÅDE |
|---|---|---|---|---|---|
| **SØK** | A/STAB AS | 984548648 | S | 1 | Søkjar |
| **PRO** | A/STAB AS | 984548648 | S | 1 | Prosjektering grunnarbeid |

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

101/2017 Melding om delegert vedtak - Igangsettingsløyve - grunnarbeid - gbnr 14/104, Hosteland

**Masfjorden kommune viser til § 20-1 og godkjenner søknad om igangsetting for grunnarbeid på gnbr 14/104, Hosteland.**

**Søknad med vedlegg vert godkjent.**

**Grunngjeving:**

**Søknad er i trå med delegert vedtak 026/2017**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har

følgjande føretak erklært ansvarsrett:

| FUNKSJON | FØRETAK | ORG.NR. | L/S * | TILT.KL. | ANSVARSOMRÅDE |
|---|---|---|---|---|---|
| **SØK** | A/STAB AS | 984548648 | S | | Søkjar |
| **PRO** | SH oppmåling AS | 913864344 | S | | Grunnarbeid |
| **UTF** | Entreprenør Ansgar Birkeland as | 939555420 | S | | Grunnarbeid, Innmåling og utstikking. |

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

103/2017 Melding om delegert vedtak - kryssing av kommunal veg - Tangedalsvegen og Solheimslia

**Masfjorden kommune viser til § 32 og 57 vegtraffikloven og godkjenner søknad om kryssing av kommunal veg for Tangedalsvegen og Solheimslia.**

**Søknad med vedlegg vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast slik det er vis i mottatt søknad.**

**Heimel: vegtraffikloven § 32 og 57.**

081/2017 Melding om delegert vedtak - løyve til landing med helikopter på Horga fjell

Masfjorden kommune gjev landingsløyve ved Horga fjell i samband med ei flyging av ekteparet Brith og Eddy Vabø. Løyvet gjeld frå **10.09. - 10.10.2017** og skal vere med i fartøyet under oppdraget. Fonna Fly skal ha oppdraget.

Masfjorden kommune skal ha melding om den endelege datoen for flyginga når denne er

fastsett.

084/2017 Melding om delegert vedtak - manuell utbetaling av produksjonstilskot pr 20.01.2017

Fylkesmannen i Hordaland, Thor-Ole Vågene ***Gnr 9 bnr 6*** *skal ha utbetalt kr,* **Kr 6309,-** som vil bli godskreve

[redacted] **.**- *for søknadsomgangen 20.01.2017*

093/2017 Melding om delegert vedtak - manuell utbetaling til Litle Matre beitelag SA

*Litle Matre beitelag SA ved Thomas Risnes skal ha utbetalt* **kr 3660,-** *for organisert beitebruk 2015*

085/2017 Melding om delegert vedtak - oppføring av hytte - dispensasjon frå plan - gnbr 50/105 Stordalen

**Masfjorden Kommune ved rådmannen viser til § 19-2 dispensasjon frå møneretting som vist i reguleringsplan Kleivetoppen, og § 20-1, og godkjenner søknad om oppføring av fritidsbustad gbnr**

**50/105, Stordalen.**

**Søknad med vedlegg mottatt 13.06.2017 vert godkjet på fylgjande vilkår:**

- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**
- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 24.04.17 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- **Hytta skal malast i mørke jordfargar som vist i illustrasjon 9.6.2017, til søknad.**
- **Koordinatar skal sendast inn før ferdigmelding av tiltaket.**
- **Skilting av fritidsbustaden skal vere utført for det vert gjeve ferdigattest.**
- **Tiltaket skal skiltast før det vert gjeve ferdigattest.**

**Grunngjeving:**

**Slik søknaden er presentert med omsyn til fargeval av tiltaket, kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil koma i konflikt med ikkje å dispensera frå reguleringsplanen på denne staden.**

**Dispensasjon ikkje vil ha særlege konsekvensar for verdiar som er meint å ta vare på i reguleringsplanen.**

**Får å fram viktige landskapskvalitetar skal hytta malast i mørke farger som vist i illustasjon.**

**Heimel:**

**Reguleringsplan Kleivetoppen**

**§ 19-2 og 20-1 Plan og bygningslova.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

| FUNKSJON | FØRETAK | ORG.NR. | L/S * | TILT.KL. | ANSVARSOMRÅDE |
|---|---|---|---|---|---|
| **SØK** | Norgeshus Hindeneshus AS | 979446586 | S | 1 | Søkjar |
| **PRO** | Norgeshus AS | 948490412 | S | 1 | Byggningsutforming, Plassering, Radon, Byggteknik, Våtrom |
| **PRO** | Norgeshus Hindeneshus AS | 979446586 | S | 1 | Mur og betongarbeid, ventilasjon, |
| **PRO** | Entreprenør Ansgar Birkeland AS | 939555420 | S | 1 | Grunnarbeid |
| **PRO** | HAFS Elektro & | 934466152 | S | 1 | Santitæranlegg med |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rør | | | | stikkledninger. |
| **UTF** | Norgeshus Hindeneshus AS | 979446586 | S | 1 | Mur og betongarbeid, ventilasjon, Radon, våtrom, og tømrar. |
| **UTF** | Entreprenør Ansgar Birkeland AS | 939555420 | S | 1 | Grunnarbeid, Plassering |
| **UTF** | HAFS Elektro & Rør | 934466152 | S | 1 | Santitæranlegg med stikkledninger. |

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Adressevedtak

Melding om tildeling - og pålegg om skilting - av offisiell adresse (vegadresse)

**Adressevedtaket**

**Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 50 bnr 113, skal ha**

**følgjande offisiell adresse:**

**Librotet 18**

Skilting av fritidsbustaden skal vere utført for det vert gjeve ferdigattest.

## 098/2017 Melding om delegert vedtak - Oppretting av matrikkeleining ved innløysing av punktfeste gbnr 50/2/37 i Litlekupa hyttefelt

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til oppretting av ny grunneigedom til fritidsføremål frå gnr. 50, bnr. 2, 4 og 5 i Litlekupa hyttefelt. Søknaden gjeld innløysing av punktfeste gbfnr. 50/2/37.**

**Grunngjeving: Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen - og slik eit ønskja tiltak i området.**

## 108/2017 Melding om delegert vedtak - Oppretting av matrikkeleining ved innløysing av punktfeste gbnr 50/2/49 i Litlekupa hyttefelt

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til oppretting av ny grunneigedom til fritidsføremål frå gnr. 50, bnr. 2, 4 og 5 i Litlekupa hyttefelt. Søknaden gjeld innløysing av punktfeste gbfnr. 50/2/49.**

**Grunngjeving: Søknaden er i samsvar med reguleringsplanen - og slik eit ønskja tiltak i området.**

109/2017 Melding om delegert vedtak - Oppretting av nye matrikkeleiningar ved innløysing av festetomtar gbfnr 31/1/2, 31/1/4 og 31/1/7

**Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Masfjorden kommune løyve til**

**oppretting av følgjande matrikkeleiningar frå gbnr. 31/1 i samsvar med områdeplan for Sandnes;**

- **Tomt til bustadføremål på 806 m2 og 829 m2 (BF18)**
- **Tomt til bustadføremål på 1000 m2 (BF19)**
- **Tomt til bustadføremål på 2530 m2 (BF20)**
- **Areal regulert til fellesområde (f_KV6, f_PP1, f_PP2 og f_LEIK1)**
- **Areal regulert til offentlege føremål (o_KV5, o_GV og o_TV3)**

**Det vert ikkje gjeve løyve til deling av område regulert til friluftsføremål (LNFRF4).**

092/2017 Melding om delegert vedtak - Sal av fyrverkeri 2017

079/2017 Melding om delegert vedtak - Søknad om bygging av landbruksveg på Gnr 38 bnr 8

**Masfjorden kommune viser til skoglova og godkjenner søknad om landbruksveg som omsøkt med fylgjande vilkår:**

1. **Gjennomføring av byggearbeidet er 3 år frå vedtaksdato. Etter den datoen fell løyvet bort.**

   **Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha melding.**

2. **Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med grunnarbeidet, må**

**arbeidet stansast og Hordaland fylkeskommune få beskjed, jf. lov om kulturminne, § 8, 2. ledd.**

3. **Arbeidet skal ikkje ta til før ein har fått attendemelding frå fylkeskommunen.**

**Heimel: Skoglova, kulturminnelova og naturmangfaldslova**

104/2017 Melding om delegert vedtak - søknad om spreieløyve

**Masfjorden kommune viser til forskrift om husdyrgjødsel og gjev dispensasjon til å spreie inntil 250 m3 gylle til og med 30.09.2017, på fylgjande vilkår:**

- **Utkøyrd mengde ikkje over 250 m3**
- **Moderate mengder, ikkje over 3 m3 /dekar**
- **Ikkje spreiing nærare enn 5 meter frå vatn, elvar, bekkar og liknande**
- **Ikkje spreiing på open åker**
- **Så langt det er råd, unngå spreiing på vassmetta jord og når det er mykje nedbør, eller utsikt til mykje nedbør**
- **Ikkje spreiing i sterk vind**
- **All gjødsla må spreiast på dei areala som har minst fare for avrenning**

**Heimel:** Forskrift om husdyrgjødsel

106/2017 Melding om delegert vedtak - søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord Jannicke Johnsen gnr 1 bnr 1

105/2017 Melding om delegert vedtak - søknad om utsatt frist for spreiing av husdyrgjødsel - gbnr 47/1

**Masfjorden kommune viser til forskrift om husdyrgjødsel og gjev dispensasjon til å spreie inntil 150 m3 gylle til og med 30.09.2017, på fylgjande vilkår:**

- **Utkøyrd mengde ikkje over 150 m3**
- **Moderate mengder, ikkje over 3 m3 /dekar**
- **Ikkje spreiing nærare enn 5 meter frå vatn, elvar, bekkar og liknande**
- **Ikkje spreiing på open åker**
- **Så langt det er råd, unngå spreiing på vassmetta jord og når det er mykje nedbør, eller utsikt til mykje nedbør**
- **Ikkje spreiing i sterk vind**
- **All gjødsla må spreiast på dei areala som har minst fare for avrenning**

**Heimel:** Forskrift om husdyrgjødsel

100/2017 Melding om delegert vedtak - tilbygg garasje - gbnr 47/37, Haugsvær

**Masfjorden kommune viser til § 20-4 plan –og bygningslova og godkjenner søknad om utviding av garasje, gbnr 47/37, Haugsvær.**

**Søknad med vedlegg mottatt 01.09.2017, vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist i mottatt søknad.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

**Grunngjeving:**

**Søknaden er i trå med arealdelen til kommuneplanen 2012 – 2024, der området er avsett som**

**Fritids – og turistføremål.**

**Heimel**

**Plan – og bygningslova § 20-4**

**Kommuneplan**

099/2017 Melding om delegert vedtak - tilbygg/utviding av garasje - gbnr 47/34, Haugsvær

**Masfjorden kommune viser til § 20-4 plan –og bygningslova og godkjenner søknad om utviding av**

**garasje, gbnr 47/34, Haugsvær.**

**Søknad med vedlegg mottatt 30.08.2017, vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist i mottatt søknad.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

**Grunngjeving:**

**Søknaden er i trå med arealdelen til kommuneplanen 2012 – 2024, der området er avsett som**

**bustadområde.**

**Heimel**

**Plan – og bygningslova § 20-4**

**Kommuneplan**

114/2017 Melding om vedtak om konsesjon for overtaking av - gbnr 2/7, 2/8 og 2/10

Masfjorden kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 1 og 9, Glenn Breidvik Rambjørg konsesjon for overtaking av gbnr 2/7, 8 og 10.

For å sikre busetjinga i området, vert konsesjonen gjeven med vilkår etter § 11 om at søkjar skal nytte eigedomen som sin reelle bustad når den planlagde bustaden er ferdigmeldt – seinast innan tre år etter at konsesjonen er gjeven. Vidare skal søkar utan unødig opphald gjennomføre den delen av gjerdeplikta som gjeld gbnr 2/7, 8 og 10 dersom dette er naudsynt for å sikre aktiv beiting i området.

087/2017 Vedtak i søknad om frådeling for hus nr 2 på garden - gbnr 37/2

*Masfjorden kommune gjev ikkje dispensasjon til Inger og Leif Bjarne Kvinge for frådeling av parsell til hus nummer to på gbnr 37/2 Sør-Kvingo.*

088/2017 Vedtak om konsesjon og deling for leigeavtalar. Sandneselva kraftverk gbnr 30/1 og 2

| |
|---|
| Masfjorden kommune gjev Sandneselva kraftverk AS løyve til frådeling etter § 12 i jordlova og konsesjon etter § 1 i konsesjonslova for leige av fallrettar og all naudsynt grunn for å oppføre, drive, eige og finansiere kraftverket på gbnr 30/1 og 2 i 60 år.<br><br>Løyvet vert gjeve med vilkår om at vidare planlegging og gjennomføring av tiltaket sikrar omsynet<br><br>til kulturlandskapet og medfører minimale drifts- og miljøulemper for landbruket. |

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**Saksopplysningar:**